

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 24.09.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Apotekar Tonje Folkvang

SAKA GJELD: **Arbeid med eindose i Helse Vest - løypemelding**

ARKIVSAK:

STYRESAK: 024/19

STYREMØTE: **01.10.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tak saka om status i arbeidet med eindose til vitande.

Oppsummering

Gjennom LOP-prosjekta og prinsippvedtak i SAV styremøte er det lagt til grunn bruk av ikkje-pasientbunden eindose i Helse Vest. I dag er eindosepakka legemidlar teken i bruk i Helse Fonna, Helse Stavanger og ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus.

Det er tre potensielle leveringsmodellar for eindosepakka legemidlar til Helse Vest:

1. Etablera eit regionalt pakkeanlegg for eindose.
2. Etablera eit nasjonalt pakkeanlegg for eindose.
3. Forsøkje å levera eindosepakka legemidlar via grossist eller anna ekstern produsent.

Iverksetjing av eindosepakke legemidlar i Helse Førde og Helse Bergen er føresetnad for etablering av eit regionalt pakkeanlegg. Begge føretaka har dette til vurdering no. Før leveringsmodell blir sett i verk, må ein ta stilling til kva forsyningsmodell som er mest føremålstenleg for regionen. Styresaka gir status for arbeidet med eindose i Helse Vest etter styremøte i mars 2018, og vegen vidare.

Fakta

Bruk av eindosepakka legemidlar er eit viktig tiltak for å redusera talet på uheldige legemiddelhendingar ein ikkje kan unngå. Berre ved bruk av eindose kan legemidlar sikkert identifiserast i alle ledd, frå apotek til pasient. Vidare er bruk av eindose eit tiltak for auka involvering frå pasienten si side, då pasient og pårørande får mogelegheit til å kontrollera kva legemidlar som skal delast ut. Eindosar vil og gjere det enklare å kontrollera døgndosettar, som kan medverka til ein meir effektiv legemiddelhandtering på post. Bruk av eindosepakka legemidlar er soleis eit tiltak som gjer gevinstar, og uavhengig av andre tiltak.

Auka bruk av eindose i Helse Vest, er anbefalt både gjennom LOP1 (2009) og LOP4 (2011). Alle regionale helseføretak i Norge arbeider for å auka bruken av eindosepakka legemidlar på sine sjukehus.

For å auka andelen av eindosepakka legemidlar utover det industrien leverer, har Helse Fonna og Helse Stavanger sidan 2001 fått levert legemidlar som er pakka om til eindose frå Sykehusapoteket i Skien. Haraldsplass Diakonale Sjukehus tok i bruk ompakka eindose levert frå Sykehusapoteket i Skien i 2018. Helse Førde og Helse Bergen har i liten grad tatt i bruk eindose som er pakka om.

I samband med planlegging av nytt Stavanger universitetssjukehus på Ullandhaug blei det i 2017 sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Helse Stavanger, SAV og Helse Vest IKT, med mandat til å anbefale forsyningsmodell for legemidlar til det nye sjukehuset. Rapporten «*Legemiddelforsyning Ullandhaug 2023*» blei ferdigstilt i juni 2017 og anbefaler etablering av lokalt pakkeanlegg for ikkje-pasientbundne eindoser kombinert med vidareføring av tenesta «Apotekstyrt legemiddellager» (ASL) som konsept for sjukehuset på Ullandhaug. Prosjektrådet til Helse Stavanger vedtok å følgje anbefaling i rapporten i møte 24.08.2017.

For å sjå avgjerdsla frå Stavanger i eit større perspektiv, blei rapporten «*Legemiddelforsyning*

Ullandhaug 2023» behandla i SAV Styremøte 03.10.2017 (sak 047/17) med avgjerdsla:

«SAV tilrår at det i planlegging av løysingar for legemiddellogistikk i Helse Vest vert lagt til grunn «ikkje-pasientbundne eindosar», og at dette arbeidet skjer i tett dialog med dei ulike Helseføretaka. Styret ber om at det vert gjort ein kost/nytte analyse av løysingar for produksjon av ikkje-pasientbundne eindosar i Helse Vest, og at dette kan inngå som beslutningsunderlag for framtidig organisering og lokalisering av slik produksjon.».

Vedtaket blei fylgd opp med at ei arbeidsgruppe utarbeidde ein kost-/nytte analyse, basert på mandat frå AD i SAV;

Kost-/nytte analysen skal greie ut kostnader og nytte ved ulike løysingar for kjøp og/eller produksjon av ikkje-pasient bundne eindosar i Helse Vest. Arbeidet skal vurdere alternativ lokalisering, tekniske løysingar og investeringsomfang av produksjon der ein tek omsyn til lokale forhold og effektar av samarbeid.

Kost/nytte analysen ble ferdigstilt i mars 2018, og anbefalte etablering av et felles pakkeanlegg for eindose i Helse Vest. Rapporten blei behandla i SAV Styremøte 22.03.2018 med følgjande vedtak:

«Styret tek rapport om kostnad –nytte ved leveransar av eindose i Helse Vest til orientering og ber om at rapporten inngår som grunnlag for avgjersle for vurdering av framtidig organisering og lokalisering av pakkeanlegg for eindose i samarbeid med Helse Vest.».

Rapporten blei lagt fram for RHFet i dialogmøte med SAV 17.04.2018. I møte blei AD i SAV bedt om å utarbeide risikoanalyse for etablering av pakkeanlegg for eindose i Helse Vest.

Føresetnaden for kost/nytteanalysen er at alle helseføretaka i Helse Vest tar i bruk eindosepakka legemidlar. Vidare arbeid føreset difor avgjersle i Helse Førde og Helse Bergen om iverksetjing av eindose eller ikkje.

Status

Risikoanalyse for etablering av pakkeanlegg for eindose i Helse Vest er utarbeidd.

Både Helse Bergen og Helse Førde har i 2018/2019 sett i verk arbeid for å vurdere iverksetjing av eindosepakka legemidlar.

I Helse Bergen er representantar frå Sjukehusapoteket, med i ei tverrfagleg arbeidsgruppe, oppretta av sjukehuset. Arbeidsgruppa har som føremål å utarbeide ei anbefaling for korleis sjukehuset skal innføre eindose. Arbeidsgruppa har vore på synfaring på Haraldsplass, og har hatt to arbeidsmøter til no. Det siste arbeidsmøtet er planlagt i oktober.

I Helse Førde er modell for framtidig legemiddelforsyning tatt inn som del av forprosjekt Nye Førde sjukehus. Vurdering av ulike modellar for forsyning av eindose inngår i dette arbeidet, saman med mellom anna utforming av medisinnrom, sterilproduksjon av legemiddel, elektroniske legemiddelkabinett, legemiddeltrallar og plassering av apotek. Tidlegare rapportar om legemiddelforsyning frå Helse Stavanger og Haraldsplass har blitt vurdert i arbeidet.

Våren 2019 blei det på initiativ frå Sykehusapotekene HF gjennomført ein marknadsdiallog for «Framtidig forsyningsmodell for lukka legemiddelsøyfe». Føremålet med marknadsdialogen var

mellom anna å få innspel til fordeler og ulemper med aktuelle forsyningsmodellar, samansetjing av maskinpark for å sikre effektiv produksjon og logistikk av legemidlar og innspel til kost. Helse Vest og dei andre helseregionane deltok uforpliktande i marknadsdialogen.

I 2019 er det inngått nye 1-årige avtalar med Sykehusapoteket i Skien om leveranse av eindose for dei apoteka som leverer eindose. Avtalane legg føring på endring av omfang, mellom anna at større endringar skal meldast før 1.november for påfølgande år, og godkjennast av Skien før dei kan implementerast.

Kommentarar

Utfallet av marknadsdialogen som blei gjennomført i regi av Sykehusapotekene HF er foreløpig uklar. Eit mogeleg scenario er etablering av eit nasjonalt pakkeanlegg for eindose.

I Grossistanbodet (G2021) er det lagt inn opsjon om lagerhold og distribusjon av sjukehusapotekproduserte varer. Alle dei tre legemiddelgrossistane i Norge har i dag pakkeanlegg for multidose, og desse anlegga har og funksjon for pakking av eindose.

Forsyning av eindosepakka legemidlar til Helse Vest kan soleis skje på følgjande vis:

1. Etablering av regionalt pakkeanlegg for eindose.
2. Etablering av nasjonalt pakkeanlegg for eindose.
3. Leveranse av eindosepakka legemidlar via grossist eller annan ekstern produsent

Ein må ta stilling til kva forsyningsløysing som er mest hensiktsmessig før vidare arbeid, og påfølgjande utrulling av eindose i Helse Vest, kan finne stad.

Økonomi

Eit felles pakkeanlegg i Helse Vest er berekna å kosta 15 mill. kr. Investeringa ligg inne i SAV sin økonomiske langtidsplan for perioden 2020-2024. Økonomisk langtidsplan blei behandla av SAV styret 13.06.2019 (Sak 17/19).

Konklusjon

SAV er tett på aktuelle prosessar rundt eindosar i Helse Bergen og Helse Førde. Administrerande direktør foreslår at ein vidarefører midlar i langtidsbudsjett SAV til eindoseanlegg, sjølv om avgjersleunderlaget ikkje er klart (eigenproduksjon eller anbudsutsetjing).

ROS vurderinga tilseier at dette området skal ha høg prioritet. Det er og i gong eit arbeid med regional plan for kvalitet og pasientsikkerhet 2020 – 2024 kor det er venta at legemiddelområdet blir peika på som innsatsområde for å unngå pasientskadar.

Ein vurderer det slik at val av framtidig leveransemodell først kan tas til neste år når avgjersleunderlaget frå Bergen og Førde er kjent, og grossistanbod er avklart.